

**Mange konsertar og andre tilskipingar i landet blir avlyst ikveld på grunn av dei tragiske hendingane. Men konserten med Andrea Rice og to andre musikarar i Dønhaugkjedlaren blir avvikla som planlagt, opplyser Magne Huglen til uskedalen.no. Det gjer han i nært samråd med Andrea, som gjerne vil syngja og har gode argument for det. Konserten startar klokka 20.**

Ho har argument for å syngja ikveld ikkje minst i sin eigen bakgrunn. Den folkekjære artisten, som har vore på Dønhaug 11 gonger, er sjølv frå Nord-Irland og har difor nærmast kjend på kroppen noko av det vi nordmenn kjenner no.

Det er truleg at ho vil gjeva uttrykk for noko av dette under konserten ikveld og då ikkje berre i songane. Men songane vil sjølv sagt stå sentralt, sjølv om hu truleg legg ho om repertoaret sitt litt etter det som er skjedd i Oslo og på Ringerike og som har rysta nasjonen og vi med den.

Huglen kan også opplysa at konserten var fullsteikna, men det er mogeleg at nokon uteblir slik at det blir ledige plassar ikveld. Konserten kan bli ei spesiell oppleving, meir spesiell enn opprinneleg bestemt, Det kan faktisk bli ein minnekonsert.

Av Ola Matti Mathisen